

ÅRSMELDING FOR IDRETTSSKULEN 2008

Styret for idrettsskulen har i 2008 vore Jan Storkjorren, Oda Evy Oyen, Kari Fjeld, Gerd Nyhus Synstnes og Bjørg Lund.

Elin Bakke har vore med på møter hausten 2008 og går inn i styret for Bjørg Lund frå 2009.

Vinteren og våren 2008.

Alle klassene hadde skileik og skirenn kvar tysdag frå etter jul og til 11.03.08.

1.og 2. klasse hadde salaktivitet fram til 15.04.08. Dei avslutta med tre gonger med fotball.

3.og 4. klasse hadde symjing fram til 15.04. Dei avslutta og med fotball.

5., 6. og 7. klasse hadde aerobic to gonger og innebandy fire gonger.

6.mai hadde vi avslutning for alle som hadde vore med i idrettsskulen 2007/08. Avslutninga hadde vi i Presthaugen med leik, grilling og utdeling av blåe collegegensere.

Hausten 2008.

Etter sommarferien starta 1.- 4. klasse med friidrett på Loarområdet to gonger og klatretårnet ein gong. 5.6. og 7. klasse var på klatretårnet to gonger og hadde friidrett ein gong. Alle gruppene hadde tre gonger med terrengløp i Presthaugen.

Etter haustferien hadde 1. og 2. klasse salaktivitet/ ball/ turn. 3. og 4. klasse hadde fire gonger med handball og tre gonger med dans og innebandy. Dei avslutte med to gonger med hjørnefotball før jul. 5. 6. og 7.kl. hadde tre gonger med volleyball, tre gonger med basket og to gonger med hjørnefotball..

Instruktørar har vore: Tor Trønnes, Jostein Aakre, Rolf Vegard Sandviken, Pål Haugen, Espen Bø, Oda Evy Oyen, Astrid Soglo, Espen Aurmo, Maya Husom, Bente Mork, Øyving Mork, Odd-Erik Aukrust, Torill Horten, Ola Helstad, Geir Egil Slettom, Jan Storkjorren, Øyvind Moe, Thorleif Fjeld, Kari Fjeld, Rune Teigen, Svein Marstein, Reidar Vestad, Bjørg Lund, Gerd Nyhus Synstnes, Kjell Magne Lunna, Jarleif Kjørren, Hallfrid og Nils Jon Sandviken, Per Kvernstuen, Mariann S. Helstad og Elin Bakke.

Vi har hatt styremøter i mai, august og desember dette året.

Knut Vole tok initiativ til å ha eit opplegg for dei under skulealder, 3-5 år.

Vi søkte om utviklingsstøtte 2007/08 fordi vi hadde denne nye gruppa. Frå 2008 gjeld denne støtta og for dei under skulealder. Vi fekk kr. 7.500,- frå Norges idrettsforbund og olympiske komite.

Dette året har det vore med i overkant av 120 ungar frå 3-12 år, men antalet varierer frå gong til gong.

Lom 22.02.09

Idrettsskulen
v/ leiar Bjørg Lund

